

Kva seier skulevalresultatet om det ordinære valet?

Atle Jåstad

Basert på røynsleane sidan 1989, kan me seia to ting om valutføringa til elevane:

1. Somme parti er meir populære blant ungdomane. Til dømes har SV og FrP stort sett gjort det betre i skulevala enn i dei ordinære vala.
2. Endringane frå eitt val til det neste er større ved skulevala enn det ein ser i dei ordinære vala, men retninga er i stor grad samanfallande.

Dersom me ser resultatet frå årets skuleval opp mot fylkestingsvalet, får me i stor grad stadfesta punkt 1 og 2 over. I Figur 1 tyder positiv verdi at partiet fekk størst oppslutning i fylkestingsvalet, medan negativ verdi indikerer at partiet gjorde det nivåmessig betre blant elevane.

Dei tradisjonelle og gamle partia, DNA, SP, KrF, V og H, gjorde det såleis betre blant dei vaksne enn blant ungdomane. Særleg Arbeidarpartiet gjorde det godt i folket samla. På tilsvarende måte gjorde SV, FrP og RV det betre blant elevane.

Ved å undersøkje endringar frå 2003 til 2007, kan me få eit inntrykk av om mønsteret er som det plar: Er det slik at retninga er samanfallande, men at utslaga er større i skulevalet?

Figur 2 stadfestar at endringane i elevmassen er større enn den i folket samla. For Arbeidarpartiet er framgangen større, og for SV er tilbakegangen meir alvorleg. For SP og KrF finst det berre små skilnader. Særleg interessant er det å merkja seg at FrP går tilbake blant elevane og fram i folket. Dette bryt med det vanlege mønsteret.

Dersom ein like etter skulevalet hadde blitt beden om å tippe resultatet for SV i fylkestingsvalet, kva ville då ha vore det mest nærliggjande talet å tenkja på? Ut frå Figur 3 ser me at SV alltid har gjort det nivåmessig betre blant skuleelevane. Samstundes ser me at endringane frå eitt val til det neste er meir ekstreme ved skulevala. Det mest naturlege ville difor ha vore å halda fram med lina frå 2005 til 2007 om lag i same retning som nedgangen frå 2003 til 2005. Då ville ein ha enda svært nær 5,5 %. Når me veit at fasiten er 6,5 % (6,1 % i kommunevalet), og ei meiningsmåling gjennomført 6. september 2007 gav SV ei oppslutning på 8,9 % (TNS Gallup), skulle politiske kommentatorar ved neste val veta å nytta seg av skulevalet i spådomane sine.


Skuleval 2007

For 11. gong på rad var NSD involvert i gjennomføringa av det nasjonale skulevalet. Utdanningsdirektoratet har det overordna ansvaret for skulevala. NSD er nasjonal arrangør og fagleg ansvarleg for prosjektet som m.a. omfattar sjølve skulevalet og ei valundersøking på skulane. I tillegg utfører TNS Gallup AS ei nasjonal meiningsmåling på oppdrag frå NSD.


www.samfunnsveven.no

Skulevalet og det ordinære valet


Figur 1 Skilnad fylkestingsval og skuleval 2007 Prosentpoeng.



Figur 2 Endring frå 2003 til 2007



Figur 3 Oppslutning om SV



Kjelde: Skulevalsundersøkingane/NSD



Folket røysta for hjarta og hjerne

Atle Jåstad


I samband med skulevalet, vart det gjennomført ei valundersøking blant elevane. Samstundes vart nokre av dei same spørsmåla stilt til eit representativt utval av det norske folk. Det opnar for samanlikning.

I båd undersøkingane vart respondentane spurde om kor viktige ei rad ulike saker var for valet av parti. Ved å plukka ut prosentdelen som svarte at saksområdet var "svært viktig", får me eit inntrykk av kva saker som stod sentralt i dei to gruppene.

For elevane var skule og miljø dei to viktigaste sakene for val av parti. Blant elevane svarte 52 % at skule- og utdanningspolitikk var svært viktig, medan miljøvernsspørsmål var svært viktig for 43 % av dei.

I folket var skule og helse dei to viktigaste sakene for val av parti. Av folket svarte 60 % at skulepolitikk var svært viktig, medan helse var svært viktig for 57 %.


Dei to gruppene skil seg frå kvarandre i fleire av spørsmåla, men særleg stor er skilnaden med omsyn til helse- og sosialpolitiske spørsmål.



Valget 2007

Astrid Nilsen

Føreløpige resultat fra kommunestyre- og fylkestingsvalget er hentet fra Kommunal- og regionaldepartementets nettsider og tilrettelagt for statistikkpakkene NSDstat og SPSS. Ved henvendelse til NSD kan man få tilsendt kommunetall og kretstall for de fire største byene fra begge valgene. I filen med opplysninger fra fylkestingsvalget finnes tall for kommunestyrevalget i Oslo. Data vil først bli tilrettelagt for Kommunedatabasen når de endelige resultatene foreligger fra Statistisk sentralbyrå.



Forslag til ny helseforskningslov

Kjersti Håvardstun

Den 29.06.07 la regjeringen frem forslag til ny lov om medisinsk og helsefaglig forskning (Ot.prp. nr. 74 (2006-2007)). Formålet med lovforslaget er, ifølge Helse- og omsorgsdepartementet, å fremme god og etisk forsvarlig medisinsk og helsefaglig forskning. Departementet ønsker å forenkle regelverket, samtidig som hensyn til forskningsdeltakere og personvern ivaretas. Forslaget innebærer at reguleringen samles i én lov, samt at de regionale komiteene for medisinsk forskningsetikk (REK) i all hovedsak blir eneste forhåndsgodkjenningensinstans for de medisinske og helsefaglige forskningsprosjektene.

Hovedtrekkene i lovforslaget

I tillegg til at regelverket samles i en lov, samordnes reglene for bruk av helseopplysninger og humant biologisk materiale til forskning. Lovforslaget åpner for å gi adgang til å avgi brede samtykker, det vil si at en forskningsdeltaker kan samtykke til at materiale og opplysninger fra vedkommende kan brukes til nærmere bestemte, bredt definerte forskningsformål. Dette innebærer mer fleksible samtykkebestemmelser enn det vi har i dag.

I lovforslaget gis det også adgang til å forske på biologisk materiale samlet inn i helsetjenesten uten å innhente samtykke fra pasienten. Forutsetningen er at prosjektet er godkjent av en regional etisk komité. Etter mønster fra Danmark skal det opprettes et nasjonalt reservasjonsregister for bruk av biologisk materiale til forskning. En viktig nyvinning i forslaget er at helseinstitusjonenes plikt til å utlevere biologisk materiale til forskningsformål lovfestes. Bestemmelsen styrkes ved at det innføres en klagemulighet til REK dersom søknad om tilgang til data avslås. Dette er viktig for å sikre tilgangen til biologisk materiale for forskningsformål.

Konsekvenser for forskning

Helseforskningslovens virkeområde skal gjelde for medisinsk og helsefaglig forskning på mennesker, humant biologisk materiale eller helseopplysninger, som utføres med vitenskapelig metodikk for å skaffe til veie ny kunnskap om helse og sykdom. Definisjonen medfører at loven får en tverrfaglig karakter som, i kombinasjon med en bred definisjon av helseopplysninger, kan medføre en rekke forskningsprosjekter i sosiologi, økonomi, humaniora m.m. vil falle inn under og reguleres av helseforskningsloven.

I den nye loven innføres forbud mot lagring av opplysninger når prosjektet er gjennomført og krav om aidentifisering eller anonymisering senest 30 dager etter at sluttmelding er sendt REK. Uavhengig av hvilke bestemmelser som eventuelt gis i forskrifts form om oppbevaring etter at forskningsprosjektet er gjennomført, har NSD pekt på at det kan være uheldig at det i lovs form gis signaler til allmennheten om at lagring for gjenbruk i forskning ikke er legitimt. Det kan reises tvil om forslaget til ny helseforskningslov sikrer et langsiktig opplegg for oppbevaring og hensiktsmessig gjenbruk av forskningsgenererte data, og dermed fremmer åpenhet og innsyn i forskningens resultater.

Lovforslaget representerer en forenkling og forbedring på enkelte områder i forhold til dagens vilkår, f.eks. ved å tydeliggjøre at bruken av brede samtykker er lovlig, samt ved å lovfeste helseinstitusjoners plikt til å utlevere biologisk materiale. På andre områder ser det ut til at lovforslaget innfører nye skillelinjer og restriksjoner, f.eks. i forhold til virkeområde og spørsmål om arkivering og sletting av data.

Det er nylig etablert en nettbasert informasjonsportal for de institusjoner som har inngått avtale med NSD. Portalen er et redskap for styring og kontroll av forsknings- og studentprosjekt som er meldt til Personvernombudet for forskning. Hensikten er å gjøre institusjonene godt rustet til å gjennomføre sine lovpålagte plikter som behandlingsansvarlig for forskningsprosjekt. Portalen vil således være et viktig kontrollverktøy og bør inkorporeres i institusjonens internkontrollsystem.

Portalen gir institusjonene oppdatert oversikt over egne prosjekt med detaljert informasjon om den behandling av personopplysninger som

finner sted. Via portalen vil institusjonen enkelt kunne følge prosjekt fra begynnelse til slutt, via endringer, utvidelser og forlengelser, til hva som skjer med datamaterialet ved prosjektets slutt. Institusjonen kan også hente ut informasjon om hvordan personopplysninger behandles og hvilke, hvem som behandler dem, hjemmelsgrunnlag, personvernombudets vurdering og anbefaling og konsesjon fra Datatilsynet. Når institusjonen skal gjennomføre stikkprøver, i form av brev- og/eller stedkontroll vil portalen være et godt hjelpemiddel. Dette vil også være tilfelle når Datatilsynet gjennomfører etterkontroll av forskningsprosjekt.

ISSP 2006

Haldningar til det offentlege

Knut Kalgraff Skjåk

I 2006 gjennomførte NSD spørjeundersøkinga "Haldningar til offentlege styresmakter og offentleg verksemd" blant eit representativt utval av den norske befolkninga. Undersøkinga er den norske delen av the International Social Survey Programme (ISSP) sin modul dette året, Role of Government. ISSP har gjennomført denne modulen fire gonger, i 1985, 1990, 1996 og 2006, medan NSD har vore med på dei tre siste. Vi reknar med at nær 40 land har gjennomført 2006-undersøkinga.

Hovudtema i det internasjonale spørjeskjemaet er:

- Politiske rettar og deltaking
- Sivile rettar
- "Efficacy"
- Skatt og omfordeling
- Offentleg engasjement og forbruk
- Sosial kapital
- Korrupsjon

I tillegg vart det i det norske skjemaet lagt til spørsmål frå norske forskarar om

- Lokaldemokratiske problemstillingar
- Politisk styring og privatisering
- Tillit til styresmakter og samfunnsinstitusjonar

Datainnsamlinga vart gjennomført som postenquôte av TNS Gallup.


Norske data er stilt til fri disposisjon for forskarar og studentar, og kan tingast frå NSD eller bli lasta direkte ned frå www.nsd.uib.no/nsddata. Her finner du også norske data frå 1990 og 1996, medan internasjonale data frå 1985, 1990 og 1996 er tilgjengelege frå www.issp.org. Internasjonale data frå 2006-undersøkinga vil bli publiserte sommaren 2008.

Stabile haldningar

Det viser seg at haldningar til sivile og politiske rettar har vore svært stabile i Noreg sidan undersøkinga vart gjennomført første gong, sjølv om det er målt enkelte svingingar. I figuren er det vist døme på dette.

På midten av 1990-talet var det ein liten nedgang i folk sin aksept av offentlege møte og protestar, men dette har snudd igjen i 2006. I den siste undersøkinga ser vi at det har vore ei markert endring i folk sine haldningar til det å, av eige samvet, ikkje alltid vere lovlydige. Eit resultat av at folk kjenner seg mindre trygge enn for ti år sidan?

Haldningar til sivile og politiske rettar



A. Vil du si at folk i sin alminnelighet alltid bør være lovlydige, eller finnes det unntakstilfeller der folk bør følge sin overbevisning selv om det betyr at loven byttes?

B. Noen mennesker har meninger som flertallet oppfatter som ytterliggående. Hva med folk som vil styrte myndighetene gjennom en revolusjon. Synes du at slike folk bør få lov til å holde offentlige møter for å gi uttrykk for sitt syn?

C. Det er mange måter folk og organisasjoner kan protestere mot en offentlig beslutning dersom de er sterkt imot den. Hvilke situasjoner mener du bør tillates og hvilke bør ikke tillates? - Organisere en landsomfattende streik rettet mot myndighetene.

D. Alle rettssystemer gjør feil, men hva mener du er verst: Å dømme en uskyldig eller å la en skyldig gå fri?

Kjelder: ISSP 2006: Undersøkelse om holdninger til offentlige myndigheter og offentlig virksomhet



Nytt frå International Social Survey Programme

Knut Kalgraff Skjåk

The International Social Survey Programme (ISSP) er ein verdsomspennande organisasjon med medlemmer i fem verdsdelar. Medlemmene gjennomfører kvart år ei intervjuundersøking om eit sentralt samfunnsvitenskapleg emne, med hovudvekt på haldningar og verdiar. Temadelen inneheld 60 spørsmål. I tillegg blir det tilrettelagt 34 harmoniserte bakgrunnsvariablar i kvart datasett.

På årsmøtet i Taipei i vår vart spørjeskjemaet til Religion 2008 ferdigstilt. Religion var også tema for ISSP sine undersøkingar i 1991 og 1998. Vidare diskuterte møtet innhaldet i undersøkinga i 2009, som er Social Inequality IV (tidlegare gjennomført i 1987, 1992 og 1999). I

2010 vil ISSP gjennomføre Environment III (også gjennomført i 1993 og 2000).

Kina og Italia vart tekne opp som nye medlemmer, og ISSP dekkjer dermed 43 land. 25 av medlemmene er land i Europa, men størst interesse for medlemskap i organisasjonen kjem nå frå Sør-Amerika.

Per april 2007 inneheldt ISSP sin bibliografi 2 880 publikasjonar. Av desse er 1 731 bøker, bokartiklar eller artiklar i journalar. ISSP er overlegent den mest brukte internasjonale intervjuundersøkinga, spesielt blant dei som også dekkjer andre delar av verda enn Europa.

www.issp.org

Statsrådsarkivet oppgradert og oppdatert

Mads Munkejord


Statsrådsarkivet inneholder opplysninger om alle norske statsråder fordelt på departement og tidsperiode fra det første norske statsrådet i 1814 frem til i dag. Den siste tiden har NSD foretatt en omfattende gjennomgang og kvalitets-sikring av datamaterialet. Det er registrert 572 personer med i alt 1593 statsrådsposter. Det oppgraderte statsrådsarkivet er tilgjengelig på NSDs nye nettsider.

En viktig endring er at statsrådene nå er tilegnet én statsrådspost for hver formell utnevning. Dette innebærer at en statsråd som virket kontinuerlig gjennom to eller flere regjeringer nå er oppført med én post for hver regjering, mens vedkommende tidligere gjerne bare stod oppført én gang. Dette er i tråd med departementenes egne embetsoversikter, og tillater at man nå langt lettere og i mer pålitelig grad kan trekke ut annen deskriptiv statistikk fra datamaterialet, både innad og på tvers av ulike regjeringer og tidsperioder.

Videre er det åpnet for mer spesielle personspeifikke beskrivelser dersom vedkommende statsråd f.eks. skulle være konstituert (fungerende, tilforordnet etc.), permittert på et gitt tidspunkt, eller død i embetsperioden.

Flere nye datasett er lagt ut på nettsidene. Ett av disse gir en oversikt over statsråder i de tolv "ad hoc-regjeringene" som har vært i Norge. Ad hoc-regjeringene inkluderer interimregjeringene på 1800-tallet som følge av Kongens sykdom og/eller utenlandsopphold, samt regjeringene i Oslo under andre verdenskrig. Det er også tilrettelagt en oversikt over de svensk-norske utenriksministrene som virket i perioden 1814-1905. Det foreligger også et datasett om partipolitisk utnevnte statssekretærer for perioden 1945-2007.

Til sist kan nevnes at departementene i datasettene nå er kodet i samsvar med Forvaltningsdatabasen tilbake til 1814. Dette gjør at statsrådsarkivet lenkes direkte til Forvaltningsdatabasen på NSDs nettsider. Statsrådene er, som tidligere, lenket til egne biografier. Statsrådene som virket frem til 1945 er tilknyttet NSDs eget biografiarkiv, der perioden 1905-1945 har den mest omfattende informasjonen, mens statsrådene som har virket etter 1945 er lenket mot Stortingets biografier som er oppdatert i år. I biografiene fremkommer bl.a. statsrådenes stortingserfaring, utdannelse, annen yrkeserfaring, samt offentlige og partirelaterte verv.



Norsk samfunns-
vitenskapelig
datatjeneste AS

Redaksjon:

Bjørn Henrichsen (ansv.red.)

Vigdís Kvalheim (redaktør)

Bjarne Øymyr (grafikk)

Anne M. Dueland

Arild Mellesdal

Kjersti Håvardstun

Design: Crnic Design

Trykk: Molvik grafisk AS

Hovedkontor:

NSD

Harald Hårfagres gate 29

5007 BERGEN

Telefon: 55 58 21 17

Telefax: 55 58 96 50

nsd@nsd.uib.no

www.nsd.uib.no

Avdelingskontorer:

NSD - Universitetet i Oslo

NSD - NTNU

NSD - Universitetet i Tromsø

European Social Survey Kirstine Kolsrud

NSD har nylig publisert data og dokumentasjon fra tredje runde av den europeiske komparative samfunnsundersøkelsen European Social Survey (ESS). NSD er partner i ESS og ansvarlig for tilrettelegging og distribusjon av dataene. Data fra 2002, 2004 og 2006 er nå tilgjengelig på ESS' nettsider.

Fra 2006-undersøkelsen er foreløpig data fra følgende 20 land tatt med: Belgia, Bulgaria, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Kypros, Norge, Polen, Portugal, Romania, Russland, Slovakia, Slovenia, Spania, Storbritannia, Sveits, Sverige, Tyskland og Ungarn. Data fra Irland, Latvia, Nederland,

Ukraina og Østerrike vil etter planen være tilgjengelig rundt årsskiftet.

ESS er bygd opp av en kjernemodul som går igjen i hver runde, og roterende moduler om spesielle emner. Roterende moduler i tredje runde er:

- Livsløp, tidspunkt for viktige livsbegivenheter
- Personlig og sosial trivsel

På nettsidene finnes også en dynamisk bibliografi for søk og registrering av publikasjoner basert på bruk av data fra ESS.

ess.nsd.uib.no